



BOKN KOMMUNE

SEKSJON KULTUR SKULE OG BARNEHAGE

Mottakare:

Dok. ref.

20/446-1//WLH

Dato:

25.09.2020

Busstreik og skule

Som kjent er det ein pågåande streik blant bussjåførar på Austlandet. Frå laurdag er det varsla at streiken kan bli utvida til å gjelde heile Rogaland.

Skulebussane på Bokn vil i eit slik tilfelle bli innstilt som følgje av streiken, og elevane som tek buss til skulen vil ikkje komme seg til skulen med ordinær skyss.

Foreldre/føresette til dei elevane som tek buss blir oppfordra til sjølv å sørge for skyss til og frå skulen så lenge det er streik. Det blir oppfordra at foreldre snakkar saman og prøver å finne gode løysningar saman. På grunn av at me ikkje ønsker mykje trafikk på parkeringsplassen ved idrettshuset så vil me at de sett elevane av på framsida av Bokn Arena.

Kommunen og skulen vil vurdere situasjonen fortløpande. I utgangspunktet skal skulen ha ordinær undervisning, men det kan bli aktuelt å vurdere heimeundervisning, eller ein hybridløysing.

Nærare informasjon om ein eventuell utviding av streiken finn de på www.kolumbus.no

Wenche Laupland Havikbotn
rektor